

SØKNAD OM FRI UTANOM SKULEN SINE FERIE- OG FRIDAGAR

Kontaktlærar kan gje fri inntil 2 dagar. For lengre fråver enn 2 dagar sender føresette søknad om fri til skulen på dette skjemaet. Rektor kan gje fri når dette er forsvarleg, jf. privatskulelova § 3-13.

Privatskulelova § 3-13 **Permisjon frå den pliktige grunnskoleopplæringa.**

«Skolen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skolen skal ha retningslinjer om permisjon frå skolen.

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørger for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følge med i opplæringa på skolen etter fråveret.

Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak jf. Forvaltningsloven §2. Departementet er klageinstans.

Generelt bør føresette vere tilbakehaldne med å søkje permisjon frå undervisninga. Dei føresette har ansvaret for skulegongen til barnet, og eleven kan ikkje rekne med ekstraundervisning for å ta att det forsømde. Det er alltid føresette sitt ansvar å følgje opp, og gjere avtaler med skulen dersom ein søker barnet fri frå undervisning, både ved kortare og lengre fråver. Sjå nærare skulen sine retningslinjer under/på baksida).

Vi søker om fri frå skulen for _____
Eleven sitt namn

Klasse _____ i tidsrommet _____

Grunngjeving (bruk baksida om naudsynt):

Dato

Underskrift

Rektor si avgjerd:

Dato

Underskrift

Holmedal montessoriskule sine retningslinjer om permisjon frå skulen

1. Forsvarlegheit

Skulen kan gje ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

2. Permisjon i inntil 10 skuledagar

Permisjonar som varer inntil 10 skuledagar vert som hovudregel innvilga, med mindre eleven har hatt høgt fråver siste halvåret, eller permisjonen heilt klart ikkje er til elevens beste.

3. Permisjon i meir enn 10 skuledagar

Permisjonar som varer meir enn 10 skuledagar vert innvilga berre dersom ein tenkjer permisjonen vil vere til beste for eleven eller dersom tungtvegande omsyn talar for det. I denne vurderinga skal det leggjast vekt på eleven sitt syn på permisjonssøknaden, og særleg vekt på eleven sine faglege og sosiale behov, eleven sitt tidlegare fråver, og skulen sine planlagde aktivitetar i permisjonstida. Ein kan også legge vekt på det alternative faglege utbyttet eleven kan forvente å få under permisjonen.

4. Periodar det ikkje vert gjeve permisjon

Permisjonar vert ikkje gjeve ved oppstart på 1. steg, frå skulestart fram til hausferien.

5. Føresette sitt ansvar i samband med permisjonar

- Føresette må søke om permisjon i god tid.
- Ved innvilga permisjon overtar dei føresette opplæringsansvaret. Føresette og eleven har ansvar for å sette seg inn i det som har vore gjennomgått og orientere seg om beskjedar som er gjevne i perioden eleven har vore borte frå skulen.
- Ein permisjon avkortar retten til grunnskuleopplæring tilsvarende.

Retningslinjene er fastsette av styret i Holmedal montessoriskule 29. august 2024 med heimel i privatskulelova § 3-13.